

## Haustetidsvurderingar veke 36

Denne veka vart det teke prøvar av Clara Frijs, Celina, Discovery, Summerred, Gravenstein og Eden.

Clara Frijs ligger an til å verte hausteklar i midten av denne veka, medan Celina ventast hausteklar til helga. Hausting av Discovery er i gang på tidlege plassar. Seine Discovery-felt kan òg starte haustinga denne veka.

Det kjem oppdaterte haustetidsvurderingar for seine Celina-felt og for Summerred fredag 9. september. Elles kjem det nye vurderingar som normalt måndag 12. september.

### Clara Frijs

#### Optimalverdiane ved hausting:

Fastleik: 6 kg/cm<sup>3</sup>

Sukker (Ref): 10,5 %

<b>Dyrkar</b>	Lars Eskestrand		
<b>Sted</b>	Slinde		
<b>Avlingsnivå</b>	3		
<b>Dato</b>	22.08.22	29.08.22	05.09.22
<b>Vekt (g)</b>	112	116	143
<b>Fastleik</b>	9,0	8,6	7,4
<b>Ref</b>	10,3	10,9	10,9

Fastleiken er på god veg ned, sukkernivået er stabilt og smaken er god. Fastleiken bør ikkje verte for låg og pærene bør nok haustast på ein noko høgare fastleik enn det som står i optimalverdiane. Fleire felt har småfallen frukt og frukt av liten storleik har av naturlege årsaker ei høgare fastleik. Tidlege plassar kan starte haustinga på torsdag, og fleire vil kunne hauste i helga.



L. Eskestrand, Slinde

## Celina

### Optimalverdiene ved hausting:

Fastleik: 5,5-6 kg/cm<sup>3</sup>

Sukker (Ref): 10,5 %

Dyrkar	Gunvor Lidal			Tone Midlang		
Sted	Slinde			Feios		
Avlingsnivå	3			3		
Dato	22.08.22	29.08.22	05.09.22	22.08.22	29.08.22	05.09.22
Vekt (g)	130	152	182	116	149	163
Fastleik	8,4	7,4	7,0	9,3	8,1	7,1
Ref	8,7	9,4	9,4	10,4	10,4	11,6

Dyrkar	Terje Fosshagen			Helge Fimreite		
Sted	Leikanger			Nornes		
Avlingsnivå	3			3		
Dato	22.08.22	29.08.22	05.09.22	22.08.22	29.08.22	05.09.22
Vekt (g)	117	133	142	105	115	141
Fastleik	8,7	8,2	7,5	8,7	8,3	7,3
Ref	9,3	10,0	10,1	8,7	8,9	9,4


Det er aktuelt å starte hausting i tidlege felt til helga (ref. Slinde og Feios). Ein ny prøve vil verte teken for dei litt seinare felta (Leikanger/Nornes) på fredag og ny oppdatering for disse kjem då. Også i Celina bør ein unngå at fastleiken vert for låg. Optimalverdiene for hausting forutset at alt haustast veldig raskt. For å unngå at dei mest modne pærene kjem for langt ned i fastleik er tilrådinga å starte hausting på ein fastleik kring 6,5 kg/cm<sup>3</sup>.

G. Lidal, Slinde



T. Midlang, Feios

H. Fimreite, Nornes



T. Fosshagen, Leikanger

## Discovery

### Optimalverdiane ved hausting:

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 30 %

Fastleik: 7-8 kg/cm<sup>3</sup>

Sukker: 10,8 %

Stive: 6-8

Streif-indeks: 0,09-0,16

Dyrkar	Harald Blaaflat Mundal		Tor Yttri		Ivar Slinde		
Sted	Ljøсне		Leikanger		Slinde		
Avlingsnivå	4		3		4		
Dato	22.08.22	29.08.22	22.08.22	29.08.22	22.08.22	29.08.22	05.09.22
Vekt (g)	101	134	133	139	98	104	121
Grunnfarge	C2	C3	C1-C2	C2	C1-C2	C2-C3	C3
Fastleik	7,9	7,3	8,6	8,3	9,7	8,6	7,8
Ref	11,7	12,3	9,7	10,5	9,9	10,6	11,1
Stive	4,3	6,5	1,8	3,7	2,0	3,7	5,7
Streif	0,157	0,091	0,493	0,214	0,488	0,223	0,124

Tidlege plassar i Lærdal og Leikanger har starta haustinga. Seinare felt er no også hausteklare, så alle bør hauste Discovery denne veka.



I. Slinde, Slinde




## Summerred

### Optimalverdiane ved hausting:

Grunnfarge: C3-C4  
 Dekkfarge: 50 %  
 Fastleik: 7-8 kg/cm<sup>3</sup>  
 Sukker: 10,5 %  
 Stive: 5-7  
 Streif-indeks: 0,09-0,11

Dyrkar	Lars Eskestrand		Terje Fosshagen	
	Slinde		Leikanger	
<b>Sted</b>	Slinde		Leikanger	
<b>Grunnstamme</b>	0		0	
<b>Avlingsnivå</b>	0		3	
<b>Dato</b>	29.08.22	05.09.22	29.08.22	05.09.22
<b>Vekt (g)</b>	115	130	124	157
<b>Grunnfarge</b>	C2	C2	C1	C1-C2
<b>Fastleik</b>	9,6	8,7	8,1	8,0
<b>Ref</b>	9,7	10,5	10,0	9,8
<b>Stive</b>	2,9	2,5	3,7	4,4
<b>Streif</b>	0,345	0,330	0,221	0,188

Summerred har vakse bra den siste veka, men dei manglar framleis ein del sukker og grunnfargen er framleis for grøn. Nye prøvar vert tekne frå Leikanger på fredag for å følgje med på utviklinga. Fastleiken bør ikkje verte for låg før ein startar haustinga. Ein kan vente at innhausting av Summerred vil kunne skje like etter Discovery og pærehausting.



## Gravenstein

### Optimalverdiene ved hausting:

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg/cm<sup>3</sup>

Sukker: 10,8 %

Stive: 5-7


Streif-indeks: 0,08-0,16

Dyrkar	Lars Eskestrand
Sted	Slinde
Avlingsnivå	1
Dato	05.09.22
Vekt (g)	129
Grunnfarge	C1
Fastleik	8,7
Ref	9,8
Stive	2,3
Streif	0,386

Gravenstein har framleis mykje stive. Grunnfargen er grøn, fastleiken framleis høg og sukkerinnhaldet noko lågt. Nye prøver vert tekne neste måndag.



L. Eskestrand, Slinde



## Eden


### Optimalverdiene ved hausting:

Det er framleis ikkje fastsett optimalverdiar for hausting. Fargevifta Tentation er ikkje godt eigna for å bestemme grunnfarge i denne sorten.

<b>Dyrkar</b>	Terje Fosshagen	
<b>Sted</b>	Leikanger	
<b>Avlingsnivå</b>	3	
<b>Dato</b>	29.08.22	05.09.22
<b>Vekt (g)</b>	127	140
<b>Fastleik</b>	12,7	12,2
<b>Ref</b>	9,2	10,1
<b>Stive</b>	1,0	1,3
<b>Streif</b>	1,387	0,969

Eden har utvikla seg fint, med ein auke i sukkerinnhold (ref) og ein liten nedgang i fastleik. Stivenedbrytinga har så vidt byrja. Erfaringa frå tidlegare år er at Eden skal haustast rett etter Summerred, men dette er unge trær og tilrådinga kan endra seg etter kvart som hagane blir litt eldre. Nye prøver vert tekne neste måndag.

I samarbeid med fruktlageret arbeider NLR med å fastsetje optimalverdiar for hausting og referansebilete for nedbryting av stive. Dei fleste epla på biletet under syner ingen (0% eller tilnærma lik 0%) bevegelse i stive. Det første og tredje eplet frå høgre syner om lag 20% nedbryting av stive.



**Kommentert [SH1]:** Siden vi ikke har optimalverdier er det vanskelig å si hvor langt unna den er, så vi bør kanskje bare beskrive situasjonen.